



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Til alle kommunar i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		54529/2018/	Atle Ræstad, 71 28 01 25	27.04.2018

Ruteendringsprosessen 2019 - Innspel frå kommunar og operatørar

Den årlege ruteendringsprosessen for ferje-, hurtigbåt- og bussrutene vil starte i august 2018. Eventuelle endringar vil gjelde frå 1. mai 2019.

Vi har framskynda prosessen og tidsplanen for å få gje dykkar litt betre tid til å behandle dette i dei politiske utvala, samt for å få ei god framdrift og eit godt sluttresultat. Dette mellom anna for å få ut ruteinformasjonen rettidig til 1.mai 2019. Fylkeskommunen har fått pålegg frå Samferdselsdept om at ruteinformasjonen skal vere tilgjengeleg for kundane 4 månadar før ny ruteperiode, noko som i praksis betyr i midten av desember 2018.

Kommunar og andre som ønskjer å gje innspel til prosessen blir no bedne om å kome med desse. Det er i denne prosessen viktig at kommunane involverer t.d. skular og trafikknemnder for også å få innspel derifrå. Innspela (buss, ferje og hurtigbåt) blir å sende samla, men spesifisert på kvart enkelt transportmiddel til Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga, som vil formidle innspela til rette instans (rutebilselskap, rederi).

I den grad kommunane har ønskje om ruteendringar, så er utgangspunktet at desse må finansierast innanfor eksisterande økonomiske ramme. Fylkeskommunen har for tida avgrensa økonomiske ressursar. Det er såleis ønskeleg at kommunane og andre har ei prioritering (kva er viktigast) i sine innspel. Eventuelle forslag til kutt i ruter/turar med dårleg belegg, vil styrke forslag til auke på ruter/turar der behovet er aukande.

- Forslag på ruteendringar som er fremma tidlegare og av ulike grunnar ikkje har vorte gjennomført, er unødvendige å fremme igjen.
- Forslag til ruteendringar som gjer korrespondansar betre vil bli prioritert.
- Forslag som gjeld endringar i rutetidene på riksvegferjerutene tas direkte med SVV.
- Forslag til endringar av haldeplassar eller andre saker som ikkje angår rutetidene spesifikt, må sendes i eige brev utanom ruteendringsprosessen.

Vi ber om at innspel blir sendt oss **innan 20.juni 2018**, utan at heile saksbehandlinga i kommunen blir vedlagt.

Med helsing

Stig Helle-Tautra
seksjonsleiar

Atle Ræstad
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

